
Saknr: 2020/35741-8
Saksbehandlar: Elizabeth Jan Warren
Babek Aanesen Hosami

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020

Tilskot for etablereropplæring for innvandrara 2020 - Tildeling

Forslag til vedtak:

Utval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 618 000 kroner frå budsjettpost 402100 fordelt slik:

Nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Etablerersenteret Vestland fylkeskommune	Business Factory	218 000
2	MIKS-ressurssenter for integrering og samhandling	Gründerprogram for flerkulturelle entreprenører	100 000
3	Ny sjanse, NAV-Bergenhus - Bergen kommune, Byrådsavdeling for arbeid, sosial og bolig.	Mat gir muligheter	100 000
4	BERGEN ANTI STEREOTYPES (BAS)	Gre8 together	100 000
5	Bømlo vaksenopplæring	Start sjølv	100 000
			618 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søklarar for grunngjeving av vedtaket.

Samandrag

Fylkeskommunen har fått overført tilskotsordninga for etablereropplæring for innvandrara frå staten (IMDi). Det skal styrka moglegheita innvandrara har til å etablere sine egne verksemdar. Det er 618 000 kroner til fordeling. Vestland fylkeskommunen har fått inn 5 søknader. Alle søkarar er kvalifiserte til å få tilskot. Søknadane vart vurdert etter relevant erfaring, effektivitet og potensiell evne til rekruttering. Fylkesdirektøren foreslår ei fordeling som vist ovanfor.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
konst. seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Oversikt over søknader

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ei overordna målsetting i integreringspolitikken er auka sysselsetting blant flyktningar og innvandrara. Tilskotsordninga etablerer opplæring for innvandrara skal styrke og utvikle det ordinære tilbodet slik at det leggast til rette for gründerverksemd blant innvandrara og at innvandrara kan etablere si eiga verksemd som igjen bidrar til sysselsetjing og vekst.

Desse kan søka:

- Kommunar og fylkeskommunar som vil leggja til rette for etablereropplæring/gründerverksemd for innvandrara.
- Verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor med fagekspertise i etablereropplæring, inkludert frivillige organisasjonar som er registrerte i Frivillighetsregisteret

Tilskota er ment for å finansiera mellom anna: - Opplæring - Kursing - Nettverksbygging

Målgruppa for prosjekta er innvandrara som ønsker å etablere seg som sjølvstendig næringsdrivande. Kvinner med innvandrarakgrunn er ei prioritert målgruppe.

Tilskot til etablereropplæring har eksistert i nokre år gjennom IMDi, og fleire prosjekt i Hordaland og Sogn og Fjordane har motteke tilskot. I 2018 gjaldt dette til dømes Aksello bedrift i Flora i Sogn og Fjordane, medan «Business Factory» er eit prosjekt i regi av Etablerersenteret i tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Ordninga har vist seg vellukka, men har fram til no hatt meir fokus på innvandrarnettverk og mindre vekt på å opprette eigne bedrifter. Vestland fylkeskommune har valt å oppretthalde eksisterande vilkår og retningslinjer, for å få meir erfaring med tilskotsordninga og danne eit betre bilete på kva som er teneleg og for å sjå det i samheng med dei overordna målsettingane for integreringspolitikken. Basert på søknader, resultat og erfaringar frå 2020, vil ein såleis få eit godt grunnlag for å vurdere eventuelle endringar i ordninga i 2021. Samstundes har Kunnskapsdepartementet signalisert at det kan kome forskrifter knytt til tilskotsordningane.

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga etablerer opplæring til innvandrara skal styrke og utvikle opplæring om korleis ein etablere verksemdar for innvandrara. Det skal leggast til rette for at innvandrara kan starte sine eigne verksemdar som igjen skaper sysselsetting og vekst.

Budsjett 2020:	kr 618 000
Søknadsfrist 2020:	15.03.2020
Vedtaks kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 13.02.2020 PS 8/2020
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida, felles epost til alle kommunar i Vestland og andre aktuelle søkarar
Tal på søknadar:	5
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	5
Samla søknadssum:	Kr 1 522 500
Samla løyving:	Kr 618 000

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader:

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett 2020

Klima: Tiltaka vil ikkje ha negativ innverknad på klima.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Hordaland og regional plan for folkehelse 2015-2025 Sogn og Fjordane. Å ble økonomisk sjølvstendig har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit bidrag til å nå mål i den regional utviklinga og FN's berekraftsmål gjennom fokus på sosiale og økonomiske utfordringar knytt til innvandrarane.

Absolutte kriteria

- Offentlege og private sektorar kan søkje i tillegg til frivillige organisasjonar registrerte i frivillighetsregisteret
- Midlane skal nyttast til tiltaka som er skildra i prosjektomtala.
- Tiltaka må gjennomførast i samsvar med retningslinjer for etablereropplæring

Vurderingskriteria

- I vurdering av søknadene vert det særleg lagt vekt på gjennomføringsevne, slik som tidlegare erfaring og resultat, samt samarbeid med andre.

Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:

Alle søknader oppfyller dei formelle kriteria til tilskotsordninga. Alle søknader har naudsynt kompetanse, relevant samarbeidspartnar og gjennomføringsevne. Søknadane er fokusert rundt Bergensområdet med ei søknad frå Bømlo kommune. Konkret tiltak for å gjera tilskotsordninga betre kjent i heile fylke bør gjennomførast i 2020. Fylkesdirektøren sin forslag til innstilling har fordelt midla til alle søkarane. Jo fleire aktørar som finn programmet som eit nyttig verktøy for å nå måla, jo betre er det for eit berekraftig Vestland.

I fylkesdirektøren sin forslag til innstillinga har fire søkarar fått mindre enn dei har søkt om på grunn av avgrensa midlar i budsjettet. Desse søkarane vil da få oppmoding om å sende inn revidert prosjekt og budsjett. Det var vanskeleg å prioritere mellom dei ulike søknadane sidan tilskotsordninga er relativt ny. Det eine søknad som skil seg ut i positive retning var den frå Etablerersenteret for Business factory. Etablerersenteret er eit offentleg tilbod til gründarar. Det er finansiert gjennom et spleiselag mellom Vestland fylkeskommune og 22 kommunar i Vestland og på den måten er eit meir fylkesdekkjande tilbod enn dei andre. Her er innstillinga at Etablerersenteret får det dei har søkt om.

Budsjettramma for tilskotsordninga bør aukast for å legge til rette for etablererverksemnd for innvandrarar og dermed auke sysselsetting og vekst i lokalsamfunna i heile Vestland, og det vil vere relevant å sjå denne ordninga opp mot andre ordningar fylkeskommunen har i høve etablereropplæring. Det bør gjerast meir i framtid for å styrke ordninga og få fleire søknader i heile fylket. Fleire av søkarar er basert i Bergen. Erfaringsutveksling og samarbeid mellom dei ulike prosjekter vil kunne bidra til at midlane når lengre ut.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at utval for kultur, idrett og integrering løyver 618 000 kroner over budsjettpost 402100 til etablereropplæring for innvandrarar slik det går fram av innstillinga.